


Boga

I det småkuperte bakkelandskapet på Boga ligg det eit eldre fleirromshus på eit lite høgdedrag. Det ser eigentleg ut som tre hus bygde i kvarandre: eldhus, stove og bu med loft. Frå andre kjelder veit vi at dette buset hadde svaler og skutar kring alle vegger på 1800-talet; eit komprimert «langhus» med innombus-samband mellom alle rom. Det er mellomalderens byggjeskikk vi her ser spor av; eit tilsvarende anlegg som dei vi har funne tuftene etter på HØYBØEN i Fjell og LUREKALVEN i Lindås. Bogatunet vart restaurert i 2006.


Bogatunet.



Fleirromshuset på Boga viser oss ein byggjeskikk som må ha prega kystbygdene gjennom mange hundreår. Truleg går delar av dette anlegget attende til 1600-talet. Etter tradisjonen vart det bygt loft over bua i 1735, og i 1818 vart det bygt til ei glasstove på austsida. Då røykknemmen i stova vart skift ut med jernomn mot slutten av 1800-talet, vart svalene rivne, og stova fekk vindaugo i veggene.

Busetnaden har nøye samanheng med livbergingsmåten. Naturressursane frå jorda og havet vart nytta med største omhug og omtanke. Kulturlandskapet på Boga, med innmark, utmark, steingardar, stigar, lunnar og naust gjev oss eit nærbilete av eit lite gardsbruk på vestkysten.



Om vi skulle bruka uttrykket «øko-logisk» byggjeskikk, kunne vi ikkje med større rett bruka det enn om langhuset på Boga. Svalene, som seinhaustes var fulle av torv, ved og staur, gav isolasjon til romma innanfor. Eldhuset var «grovkjøkkenet», stova var opphaldsrommet og i bua lagra dei maten og hadde senger på loftet. Loftet vart rive i 1905, men då Nord- og Midthordland sogelag overtok bygningen i 1920, vart loftet rekonstruert. Ei grindbygd løy



Rekonstruksjonsskisse av langhuset på Boga, slik det har sett ut i tidlegare hundreår.

bygd opp att på gamle tufter, og nede ved fjorden ligg eit fint naustmiljø.

I røykstova er det ein dekorativ bord, teikna opp med ei blanding av krit, kalk og vatn. Kroting, som denne dekorforma vart kalla, har truleg samanheng med mellomalderens prytradisjonar; valknutar, rosetter og åttebladsroser som liknar mønsteret på gamle åklede. Når stova var vaska og sandskurt til høgtid og fest, var det vanleg å krota eit par av stokkane stova rundt (②281, ③370). □



Langhuset på Fjellsenda. Rekonstruksjon.

LANGHUSTRADISJONAR I LYGHEILANDSKAPET

At røykstova ikkje stod åleine, men ofte samanbygd med eldhus eller bu, finn vi mange vitnemål om i kystbygdene på Vestlandet. Her er vi midt inne i eitt av dei mest interessante kapitla i norsk bygningshistorie: EILERT SUNDTS oppfatning av Jærhuset og «sammenbygning av stue og bod».

Når dette spørsmålet har oppteke forskarane gjennom fleire generasjonar, er det fordi ingen kan la vera å undra seg over korleis samanhengen kan vera mellom det funksjonelle fleirromshuset, som vi kjenner frå seinare hundreår, med stove, eldhus og bu omgjevne av kringliggjande svaler og skutar, og langhustradisjonane frå mellomalder og vikingtid.

Lokalhistorikaren JOHAN LITLESKARE har skrive om dei gamle langhusa i Nordhordland. På hans tid stod enno restane av eit hus med tømra sval og kleva på FJELLENDA i Radøy. Etter tradisjonen skulle bygningen ha vore slik som rekonstruksjonen syner, med to buer, stove og eldhus på rekkje og svaler på båe sider. Dette anlegget har hatt ei samla lengd på om lag 20 meter. Litleskare opplyser ikkje noko om alderen på huset, utover det at bygningen såg ut som på teikninga i andre halvdel av 1800-talet, men etter hans meining går desse husa attende til 1500-talet. Ut frå det materialet som har kome fram dei seinare åra om øydegardar frå mellomalderen, ser det ut til at han har rett. (②284, ③315)

Kroting i stova på Boga.

